

ÅRSRAPPORT
ØLEN IDRETTSLAG

2024

Glede - Mestring - Samhold - Respekt



ØLEN IL

Oppsummering

Det har vore god aktivitet i idrettslag i år. Me har omlag 530 medlemmer som driv med fotball, svømming, håndball, badminton, sykling, og basket..

Idrettslaget er godt i gang med planlegging av fotballhallen, og har inngått intensjonsavtale med PrefabPartner for levering av stålkonstruksjonen og med Sportsurface for levering av kunstgras.

Spelemiddelsøknad er sendt inn. Totalt er budsjettet omlag 45 millionar kr inkludert MVA. Det inkluderer også eit 300 kvm garderobebygg (inkl mingleplass), og eit 200 kvm stort lager. Dette er over dobbelt så mykje som dei to største prosjekta (Sparebank 1 Sør-Norge Stadion og Klubbhuset) til saman.

Prosjektet vil kreve låneopptak. Ein jobber vidare med finansieringa for å få til lågast mogleg lånegrad.

Økonomien i idrettslaget er sunn. Årsresultatet viser eit overskot på kr 396,570 , og egenkapitalen er kr 6,125,942.

Ofentlige tilskot utgjer stor del av auka av inntektene i år, i tillegg til sponsorinntekter. Ein har arrangert stor fotballcup - Ølen Kiwi Bama Cup. Cupen var ein stor suksess på mange måtar, også økonomisk. Den gav eit overskot på omlag 150,000 kr.

Ølen IL har fleire gode faste inntekskilder. Bruktbutikken gav til dømes i 2024 200,000 kr i inntekter til idrettslaget, noko som er ny rekord. Også grasrotandelen auka, og ligg over 200,000 kr.

Idrettslaget er dreve på dugnad. Samenlikna med andre idrettslag på vår storleik, aktivitet og anlegg, er dette ikkje normal. Ein nyttar profesjonelle reknskapsjenester, men ein bør framover sjå på muligheten for å kjøpe meir administrative tjenester. Kostnadane kan delvis bli dekkja av at ein i enda større grad kan nytte offentlege støtteordningar.

Idrettslaget er elles godt organisert. Dei store gruppene er velorganisert med dyktige og engasjerte folk, og dugnadsviljen er bra. Spesielt vil me framheve fotballstyret sitt arbeid med å vera 'Kvalitetsklubb'. Dette er krevjande, men svært viktig for at medlemmene våre skal få oppleve ein god kvardag med godt samhold.

Hovedstyret har hatt åtte styremøter i løpet av året. Fokus gjennom året har vært planar for nye anlegg, bruk av klubbhus, bistå gruppene ved behov, skaffe utstyr og klær, lage Amatøren (opplag: 1000). Ein har jobba med integrering, og distribuert til skulane ein oversikt over tilbud på mange forskjellige språk.

NIF har lansert eit betre og sikrere konsept rundt innsamling av politiattest - dette har nå ØIL også implementert.

Hovedstyret er imponert over den innsatsen som blir lagt ned av svært mange i idrettslaget, og ein opplever godt engasjement i og rundt idrettslaget.

MEDLEMMER

2024

Idrettslaget har totalt 523 medlemmer.

Det er om lag jevnt fordelt mellom jenter/kvinner og gutar/menn.


I underkant av 10% av medlemmene (i alderen 7-15 år) er innvandrere eller flyktningar. Dette er eit lågt tall sammenlikna med kor mange innvandrere og flyktningar som bur i området. Ølen IL er i dialog med kommunen for å få meir støtte til å betre inkludere og integrere flyktningar og innvandarar.

Ein del av den økonomiske støtteordninga idrettslaget får, er basert på aktiviteten i idrettslaget, og spesielt antall medlemmer blant barn og unge.


Innkrevinga av kontingent skjedde i år hausten Det er store forbedringsmoglegheiter rundt innkrevinga. Ein vil jobbe med betre rutiner i 2025.

Det jobbes aktivt med rekruttering i gruppene.

Me ser ein risiko for ganske stor reduksjon i antall aktive i svømmegruppa framover, når svømmebeassnet i Vats åpnar.



Fordeling av medlemmer pr aktivitet




Fordeling av medlemmer pr aldersgruppe

ØKONOMI


2024

Inntekter 2024



Årsresultatet blei 396,570 kr. Totale driftsinntekter var kr 3,661,846. Det har vært auke i panteinntekter, grasrotandel og gaver/sponsing uten gjenytelse. Arrangement av Ølen Kiwi Bama Cup gav god omsetning i kiosk, i tillegg til påmeldingsavgift. Noko reduksjon på kontingent - noko har blitt betalt i 2025. Betre rutinar rundt innkreving av kontingent er planlagt for 2025.

Kostnader 2024



Betre rutiner og god dugnadsjobbing har redusert kostnader til regnskap med over 70,000 kr.

Ein har nytta noko mindre på innkjøp av utstyr / drakter / ballar enn året før.

Ein har kjøpt inn nytt møblement til håndballhallen, samt nye elektrisk heisbare håndballmål.

Det er god kontroll på utgiftene, og dugnadsinnsatsen gjer at til tross for god aktivitet i idrettslaget har me relevat låge utgifter. Det er viktig å behalde dugnadskulturen. Uten dugnad ville kontingenten vært omlag 10,000 kr. I staden for 1050 (bortsett frå junior/senior fotball som har høgare)

Fotballhall

Storsatsing på over 45 millionar - håpar på byggestart i år

Fotballhallen er Ølen IL sitt klart største prosjekt gjennom tidene. Med garderobebygg (4 stk) og lager, er budsjettet på 45,8 MNOK, inkludert MVA (8,5 MNOK) og dugnadsinnsats (1,8 MNOK).

Dette inkluderer også opplegg for å kunne utnytte spillvarme frå Fatland.

Frå næringsliv og stiftelsar (Sparebank 1 SR-Bank og Ølen Ung & Aktiv) har ein fått inn 8,2 MNOK. I tillegg kjem forskuttering på 15 års leige frå Vindafjord Kommune (6 MNOK), spelemidler (7,1 MNOK) og MVA refusjon (8,5 MNOK), samt eigenkapital (oppmot 3 MNOK).

Idrettslaget jobber nå vidare med næringslivet og stiftelsar, og andre som kan tenkte seg å vera med å støtte prosjektet, slik at me får til eit topp og moderne anlegg.


Status:

- Geologisk prosjektering gjennomført
- Valg av type hall og leverandør gjennomført
- Forberedelser til byggesøknad foregår

Plan vidare:

- Anbudsrunde - grunnarbeider (april-mai)
- Grunnarbeidar (medio 25 - ut året)
- Montering av hall: tidlig 26

Oppstart montering av hall vil avhenge av godkjenning spelemiddelsøknad. Dersom den ikkje blir godkjent i denne runden, kan den bli utsatt med nokre måneder.



Skisse av fotballhallen. Garderobeanlegg er her teikna inn i austre hjørnet. Den blir i staden omtrent midt på kortsida.